



Eg er stipendiat ved Det medisinske fakultetet/IGS (frå september 2025), og har tidlegare arbeid i administrativ stilling ved IGS. Den faglege bakgrunnen min er noko utradisjonell: eg har sveinebrev i tømmerfaget og mastergrad i historie. For tida forskar eg på tverrprofesjonell samarbeidslæring, med TVEPS som ramme. Interesse mi for samarbeid på tvers av fagsiloar vart først styrkt då eg arbeidde som vitenskapleg assistent ved UiO i eit tverrfagleg forskingsprosjekt. Der såg eg at forskarar frå statsvitenskap, juss, sosiologi og historie utfylte kvarandre for å forstå og forklare avgjersleprosessane til norske regjeringar frå etterkrigstida og til våre dagar, og soleis oppnå ein nyansert forklaringsmodell. Denne opplevinga leia til at eg brenn for samarbeid på tvers av akademiske tuer, fordi det mogleggjer nyanserte perspektiv og ny kunnskap.

Eg stiller fordi eg tykkjer styrearbeid er givande, og har røynsle frå ulike verv i frivillige organisasjonar. Som medlem i fakultetsstyret ynskjer eg å støtte initiativ som kan redusere støy i arbeidskvardagen til mellombelse vitenskaplege tilsette. Det å vere mellombels er i seg sjølv stressande, med usikkerheit gjerne knytt til refinansiering av prosjektet og/eller til tida etter kontraktslutt. Som representant for denne tilsettgruppa ynskjer eg å ha ei konsensusorientert tilnærming ovanfor gruppa, og å vere ei sakleg røyst inn mot fakultetsstyret.